



INNKALLING TIL STYREMØTE I KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS

ONSDAG 6. SEPTEMBER 2017 KLOKKA 15.30

Innkallinga går til:

Jan-Åge Johannessen

Leidulv Brunborg

Jostein Hellestveit

Henriette Stormark

Irene Mariell Birkeland

Kåre Østrem

Gunnlaug B. Dale

Ordfører i Lindås

Rådmann i Lindås

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25 AUG 2017	
Ark. saksnr. 14/2011	Lopenr.
Saksh.	Tilgangskode

Det vert styremøte i Knarvik Industri og Miljø AS onsdag 6. september 2017 klokka 15.30 på kantina i Kvassnesvegen 52

Saksliste:

17/17 Godkjenning av innkalling, sakliste, og referat frå møtet 13. juni 2017

18/17 Orienteringar frå dagleg leiar

Det vert orientert m.a. om

-Framdrift mobilmast

-Tur for tilsette

-Kurs for tilsette

-Underskrifter til Brønnøysund

19/17 Perioderekneskap. Likviditet

Vert ettersendt eller lagt fram i møtet



20/17 Ny dagleg leiar, tilsetjingsprosess.

Utkast til annonse på vår heimesida ligg ved

21/17 Møteplan haust 2017


Forslag: 24.10 og 13.12. 2017

22/17 Ymse.

Dersom du ikkje kan møte, er det fint om du sender ei melding til meg, telefon 90 78 71 52, eller e-post: audun@k-im.no

Knarvik, 23. august 2017

For styreleiar Jan-Åge Johannessen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Audun Stusdal', is written over the typed name.

Audun Stusdal

SAK 20/17
Utkast

VI SØKJER DAGLEG LEIAR

På grunn av oppnådd pensjonsalder søker vi ein erfaren leiar for bedrifta som er i kontinuerleg endring og utvikling. Leiaren må ha forståelse for den forretningsmessige drifta og attføringsarbeidet, og ikkje minst samanhengen mellom desse.

Eit sosialt engasjement er ein forutsetnad ettersom bedrifta sitt føremål er å styrkja og aktivera arbeidstakarane sine eigne ferdigheter, og, gjennom å tilby tilrettelagde arbeidsplassar, bidra til at yrkeshemma får auka livskvalitet.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Strategisk og operativ dagleg leiing av KIM AS, herunder økonomiansvar
- Ansvar for rapportering til styret og for at styret sine vedtak vert gjennomført
- Ansvar for å ivareta dialog og samarbeid med NAV og kommune, og kundar elles
- Ansvar for å vidareutvikla organisasjonen til KIM AS slik at den også i framtida skal kunna tilby attraktive og trygge arbeidsplassar
- Overordna ansvar for at brukarane får den oppfølging som er avtalt
- Overordna ansvar for oppfølging av kvalitetssikringssystem (Equass)
- Overordna ansvar for at KIM AS yter service til sine kundar og leverer tenester og produkter til avtalt pris og kvalitet

KVALIFIKASJONAR

- Relevant universitets- eller høgskuleutdanning (Helsefag/økonomi)
- Leiarerfaring
- Dokumenterbar forretnings- og økonomikompetanse
- Erfaring frå attføringsarbeid, helsefagleg arbeid eller samhandling med NAV og kommune vil verte vektlagt

PERSONLEGE EIGENSKAPAR

- Klar, tydeleg og uredd leiar med god evne til å omsetje strategi til praktisk handling
- Gode kommunikasjonsferdigheter, munnleg og skriftleg
- Tillitsvekkjande og trygg relasjonsbyggjar med gode påverknadsegenskapar
- Kvalitetsbevisst, resultat- og utviklingsorientert
- Flink til å prioritere
- Strukturert og løysningsorientert
- Høg etisk bevissthet
- Bidra til auka forståelse og aksept for tilrettelagt arbeid overfor kommune, næringsliv og samfunnet generelt

VI TILBYR

- Spanande og utfordrande arbeidsoppgåver i ei bedrift som er viktig for enkeltmenneske og samfunnet
- Godt miljø med hyggjelege og dyktige kollegaer
- Gunstige pensjons- og forsikringsvilkår (KLP)
- Løn etter avtale
- Tilsetjing etter avtale

Det vert stilt krav om politiattest

Spørsmål om stillinga kan rettast til Styreleiar Jan-Åge Johannessen, telefon 91704141, eller dagleg leiar Audun Stusdal, telefon 90787152.

Skriftleg søknad vert å senda til Knarvik Industri og Miljø AS, Kvassnesvegen 52-54, 5914 Isdalstø, eller epost: audun@k-im.no

innan